



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Øistein Aasland, 5557 2322

Vår dato
07.03.2014
Dykkar dato
20.02.2014


Vår referanse
2014/2484 441
Dykkar referanse

Elisabeth Tonheim
Rosenlund
5955 LINDÅS

Løyve til utplassering av kunst i friluftsområde Kvalvågneset, gnr. 84, bnr. 1 - Lindåsosane i Lindås kommune.

Prosjektet «Sjøutstilling i Lindåsosane» v/prosjektleder Elisabeth Tonheim søker om å få plassere eit kunstverk i glas på eit skjær i Lindåsosane (gnr. 84, bnr. 1). Det er Miljødirektoratet som står som eigar av området, og det er Bergen og Omegn friluftsråd (BOF) som er ansvarleg for drift- og vedlikehald av friluftsområdet. Fylkesmannen opptretr som grunneigar og rettshavar på vegne av staten. Det inneber eit ansvar for oppfølging av saker som vedkjem forvaltninga av dei statleg sikra friluftslivsområda. Fylkesmannen kan gje løyve til midlertidig omdisponering i inntil 10 år.

Kunstverket er eit av seks verk som skal plasserast ut i Lindåsosane i løpet av våren, og tanken er at verka forfell og endrast ved naturleg slitasje. Så lenge det gjev folk noko, vert det ståande, men fjernast når det reknast for forsøpling. Utstillinga skal supplerast med eit verk i året. Verket som skal stå på det aktuelle skjæret er eit glasbilete i tre delar laga av glaskunstnar Turid Grov. Dei tre bileta monterast over kvarandre i ei gamal vindaugsramme med tre ruter, og vert festa med rør nedi berget. Verket heiter «Fiskarkåno».



Etter naturmangfaldlova skal alle vedtak, som rører ved natur, vurderast etter miljøprinsippa i §§ 8 – 12. Som kunnskapsgrunnlag (§ 8) legger vi Naturbasen til Miljøverndirektoratet til grunn. Det er ikkje kartlagt nokon naturverdiar, som er av en slik karakter, at det omsøkte kunstverket vil ha nokon negative verknader på desse. Det er heller ikkje noko ved søknaden som skulle tilsei at det vert relevant å vurdere Førre-var-prinsippet (§ 9). Når det gjelder §§ 10 til 12 (økosystemtilnærming og samla belastning, kostnader ved

miljøforringing, eller miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar) så er tiltaket så lite, og vil forstyrre så lite, at det ikkje er grunnlag for å vurdere desse temaene.

Vedtak:

Fylkesmannen i Hordaland gjev Prosjektet «Sjøutstilling i Lindåsosane» v/prosjektleder Elisabeth Tonheim løyve til å plassere eit kunstverk i glas på eit skjær i Lindåsosane i det statlig sikra friluftsområde Kvalvågneset friluftsområde - gnr. 84, bnr. 1 (sjå kart over i saka).

Det vert sett som vilkår at;

- Kunstverket/installasjonen kan festas på holmen ved å bolte den fast i fjellet.
- Holmen skal ryddast etter at kunstverket/installasjonen er satt ut.
- Installasjonen kan bli ståande i 10 år, dvs. inntil juli 2024. Dersom den vert øydelagt eller misser sin funksjon som kunstverk før dette, skal Prosjektet «Sjøutstilling i Lindåsosane» sørge for at den vert demontert og tatt bort. Dei skal sjå til at holmen vert rydda og alle spor etter installasjonen skal fjernast.
- Fylkesmannen skal ha tilsendt bileter av kunstverket/installasjonen etter at den er satt ut. Desse bileta skal sendast til fmhooaa@fylkesmannen.no

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg e.f.
rådgjevar

Øistein Aasland
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi sendt pr. e-post til:

Lindås kommune

Bergen og omland friluftsråd

Miljødirektoratet

Kvernhusmyrane 20

Hellebakken 45

Postboks 5672 Sluppen

5914 Isdalstø

5039 Bergen

7485 Trondheim